



Miljøverndepartementet

Dato: 15.12.2010

Endringar i rovviltforskrifta – godtgjerdsleordning for forsøk på skadefelling av rovvilt.

I høve høyringsrunde om endring av rovviltforskrifta sin § 9 og ny §9a, ynskjer Sogn og Fjordane Skogeigarlag BA å kome med nokre innspel. Bakgrunnen for det er at Sogn og Fjordane Skogeigarlag BA (heretter SFS) eig og driv eit fylkesdekkjande fellingslag for store rovdyr i Sogn og Fjordane.

SFS oppretta fellingslaget våren 2010, og har derfor drifta fellingslaget i snart eit år. Vi har hatt to oppdrag i samband med fellingsforsøk i 2010, eit på bjørn og eit på jerv.

SFS, som eigar og drivar av fellingslaget, tykkjer det er særst positivt at vi no får på plass denne ordninga. Men vi vil gjerne nytte høvet til å kommentere nokre punkt i endringsforslaget.

- Fylkesmannen fastset ramme i kvart enkelt fellingsforsøk

Vi er einige i at det frå offentleg hald bør vere ei styring av midlane og ein viss kontroll med ressursbruken. I endringsforslaget er det lagt opp til at Fylkesmannen skal sette ei ramme for kvart enkelt fellingsforsøk. Vi meiner at Fylkesmannen bør ha moglegheit til å utvide denne ramma i enkelte tilfeller, dersom Fylkesmannen finn det hensiktsmessig.

- Ressursbruk

I endringsforslaget vert det signalisert at 5 personar er hensiktsmessig å nytte i eit fellingsforsøk. Vår erfaring er at det er i minste laget. Særleg i starten av eit fellingsforsøk vil ein ofte bruke ein del mannskapsressursar. Ressursbruken vil og variere med kva type rovdyr fellingsforsøket gjeld. Vårt syn er at det her ikkje bør leggest rammer frå sentralt hald, men at Fylkesmannen bør kunne ta denne vurderinga i kvart enkelt tilfelle.

- Døgnsats

I endringsforslaget er det signalisert at 1000 kr per deltakar per døger er ein høveleg kompensasjon for deltaking i fellingsforsøk. Det er etter vårt syn for lite. Når medlemmane i fellingslaget deltek på fellingsforsøk, må dei i dei fleste tilfelle ta fri frå sine jobbar og andre plikter den tida dei deltek. Skal dette vere mogleg å oppretthalde eit operativt fellingslag, samt bygge seg opp kontinuitet og erfaring, må deltakarane få ein kompensasjon som er av ein sånn storleik at dei ikkje tapar pengar på å delta. Då er 1000 kr per dag ein for låg sum.

Eit anna moment som kan vere verdt å presisere i den samanheng er at innsatsen per dag under eit fellingsforsøk ligger langt over eit normert dagsverk på 7,5 timar. Dette kan variere mykje, og innsats heilt opp i 24 timar i strekk kan førekomme. Eg vil anslå at gjennomsnittleg innsats per dag ligg mellom 12 og 15 timar i vårt fellingslag.

- System kring utbetaling

Det er føreslege at utbetaling skal skje ved at Fylkesmannen betalar til kommunane, som igjen betalar ut til fellingslaget. Dette er nok naturleg for kommunale fellingslag, men for oss som driver eit fylkesdekkande fellingslag vert dette eit kompliserande, tidkrevjande og unødvendig mellomledd.

- Krav til registrering som lisensjegerar

Vi skjønar at dette truleg er føreslege for at ein skal få ei registrering av dei som skal delta på fellingsforsøk. Likevel reagerer vi på at dette vert ei samanblanding av jakt (som lisensjegerar driv) og felling (som dette gjelder).

Ut over desse kommentarane er vi nøgde med endringsforslaget, og vi ser fram til å få på plass denne ordninga. Det er særst positivt at vi no får kompensasjon frå dag ein under fellingsforsøk.

Med helsing

Sogn og Fjordane Skogeigarlag BA

v/ Alf Erik Røyrvik

Utmarkskonsulent

Tlf: 95889475

e-post: alf.royrvik@sfskog.no